



## Årsmelding for Alversund Musikklag 2013

Aktivitetar gjennom året:

### Vårsesongen:

02.01 Første øving i 2013

20.01 Årsmøte i Musikkhuset

27.01 Nyttårskonsert m/Marit Eide band og Feiekostane som gjester. Konfr. Arne Henning

30.01 Første øving i lag med Meland ML på Holmeknappen. NM program "Kaleidoscope"

05.03, 10.03, 12.03 Ekstraøvinger før NM

15-16.03 NM i Trondheim i lag med Meland ML

17.05 Tradisjonell 17.mai speling

02.06 Alversunddagane. Speling i gymsalen i lag med Skulekorpsset

### Høstsесонен:

21.08 Første øving etter ferien.

30.08-01.09 Øvingshelg på Kvamskogen (Ankerplassen)

13.09 Konsert i Knarvik i lag med Skjold/Nesttun Janitsjar

13.10 Konsert og Basar på Alversund skule

19.10 Oktoberfest i Åsatun

15.12 Tradisjonell julekonsert i Alversund

18.12 Øving og juleavslutning i Musikkhuset.

### Økonomi:

Økonomien i laget er framleis positiv sjølv om regnskapet går i minus og behaldninga i banken går nedover. Ein del utgiftspostar vart litt høgare enn budsjettet, men hovudårsaka er nok bortfall av inntekter, f.eks. vareteljing med 15-20.000. Vi har ikkje fått til anna dugnad i staden og sponsorinntekter har vi heller ikkje avtale om.

Det kostar òg å ha eige hus. Berre straum og forsikring er nesten 20.000, mens inntekta stort sett er utleige til Jazzbandet.

Notebehaldninga har auka kraftig i år. Vi har kjøpt noter for heile 21.000!

Største inntekta er som før basaren og 17.mai lotteriet. Til basaren gjorde Shama ein kjempejobb og henta åleine inn 20 gevinstar frå ulike firma.

Til 17. mai prøvde vi denne gongen med eit kakelotteri med kaker frå Rognaldsen Bakeri i staden for fenalår. Her hadde vi ei inntekt på 17.000, litt betre enn året før, men framleis er det ein del uselde loddbøker, både til basar og kakelotteri.

Den store utgelta er dirigentlønna som no er kr 1800 pr. øving etter lønnsauke i 2012.

Konserthonorar er kr 2000,- inkl. oppvarming. Vi kjøpte dirigenttenester i 2013 for i alt kr 86.600, ein auke på over 10.000 frå i fjer.

### Investeringar:

Ingen nye instrument er kjøpt inn dette året men det er gjort ein god del tiltak i huset vårt.

Bjarte har gjort ein kjempejobb igjen med nytt kjøkken og golv, nesten utan å bruka penger!

Instrumentarkivet er flytta frå kjøkkenet og ned i kjellaren. Der er det no frostfritt og tørt og fint sidan det er lagt opp rør med varmtvanns-sirkulasjon i taket og ny varmtvanns-bereder som òg varmar litt. Framleis er det meir å gjera med huset, bl.a. trengs nytt golv både i øvingslokalet og gangen og ny kurs til komfyren på kjøkkenet. Vi må skifte heile sikringstavla for å få plass til fleire elektriske kursar og vi må få nytt 3-fase inntak.

Mange nye notesett er som sagt innkjøpt dei siste åra. Dei er ikkje arkivert enno, så no er det ein stor jobb å få på plass alt som ligg i stablar rundt i musikkhuset.

### Medlemmer og frammøte:

I 2013 var det før jul berre 23 aktive musikantar i korpset. Knut Inge og Shama har ikkje vore med siste året. Vegar har eit helse-problem og har ikkje vore med sidan 2.oktober og Ida-Kristin har ikkje vore med sidan Oktoberfesten og blir heller ikkje med vidare. Heller ikkje Åsmund har vore med siste halvåret og er usikker vidare. Vi har i haust hatt gjesteopptreden av Arne Alver og Oddvar Gald og i vårsesongen var Norman med frå 17.mai og ut.

Sidan 27. november har vi fått inn nokre ungdomar frå skulekorpsset på eit prosjekt fram mot Nyttårskonserten. Dette skar seg pga. kollisjon med øvingshelg for skulekorpsset, men slike prosjekt bør vi prøve å få til seinare.

På siste øving før jul, kom Åse Skodvin Soltveit tilbake på Baryton. Ho var med oss ei stund på slutten av 80-talet (85-87) mens ho spelte i Skodvin Skulekorps.

For vårsesongen 2014 er det elles ikkje meldt inn nye medlemmer. Vi har absolutt behov for å styrkja besetningen, både på treblås, slagverk, horn og trombone. Sjå oppdatert medlemsliste.

Frammøte på vanlege øvingar har likevel ofte vore mellom 18 og 20.

I haust hadde vi totalt 26 øvingar og konserter. Randi, Eva og Arne Henning hadde berre eitt fråvær! I vårsesongen var det 29 samlingar inkl. 3 ekstra øvingar før NM. Bjarte var den einaste utan fråvær! Gro hadde laga kjempegod graut til juleavslutningen. Flott tradisjon med mandel og marsipangris!

### Kontingent (ref. §6 i vedtekten):

Forslag frå Håvard om å auke kontingensten til kr 2000 med betaling av kr 1000 ved oppstart vår og haust. Dette er ei sak under innkomne forslag til årsmøtet og må stemmest over. Kontingent for aspirantar vart auka på årsmøte i fjor frå kr 150 til kr 300. For støttemedlem er den kr 150.

### Generelt:

Aktiviteten har vore rimeleg god, med fleire musikalske høgdepunkt, kanskje med NM i vårsesongen som det største? Det blir ikkje NM i 2014, så vi må ha eit alternativ å øva fram til i vår. I haust var vi med på Oktoberfest i Åsatun som Jernbanens Musikkorps Bergen inviterte til. Her vart vi best av 6 korps og fekk pokal. Sjå elles eigen musikk-perm med dommar-kommentarer og repertoire gjennom året. Her finn du òg musikkprogramma våre tilbake til før år 2000.

Vi har hatt eitt styremøte i løpet av 2013, men det var før forrige årsmøte! Sidan det ikkje vart valt nytt styre i fjor har det heller ikkje vore styremøter i løpet av året. Ekstra-ordinert årsmøte vart heller ikkje noko av då det ikkje kom opp forslag om ny formann. Mona og Bjarte hadde eit år att i det gamle styret så dei har fortsett med dei same oppgåvene, dvs. økonomi og eigedom. Kjell har framleis vore kontaktperson i musikklaget og registrert som formann i NMF sin medlems-database.

Utgiftene våre har auka mykje meir enn inntektene dei siste åra, så heretter må vi vurdera alle nye investeringar nøyne dersom vi ikkje finn andre inntektskjelder. Det er viktig å melda alle forslag om midlar vi kan søkja på, til økonomi-ansvarlig slik at dette kjem inn i oversikta til kasserar og ikkje vert gløymd når nye folk overtar. I budsjettet for 2014 har vi likevel tatt med ei investering på 30.000 til nytt elektrisk anlegg, nytt 3-fase inntak med ny sikringstavle og 2 nye kursar til kjøkkenet. Innhenting av sponsormidlar er for eksempel eit forsømt område, kun sal av logoar i programmet til nyttårs-konserten. Vi bør òg vurdere å starte verving av støttemedlemmer, spesielt no når korpsfondet er nedlagt.

Til slutt vil den gamle formannen takka for seg med ynskje om at det nye året blir vellykka både musikalsk og sosialt. Helsing Kjell

### Stikkord til medlemsmøte etterpå:

Organisera gruppeøvingar for småmessing, grovmessing og treblås? Sjå forslag på aktivitetsplanen. Oktoberfest, HordaAmatøren eller Jan-Am til hausten? (På Jan-Am i 2007 vart vi nr. 10 og sist!) Korleis gjera medlemskveldar og -festar meir attraktive? Fleire tapas-kveldar?